



KONTAKTPERMAN

Årssteg Del 1

- 1.1 OVERSIKT OVER FORELDREKONTAKTANE PÅ DETTE ÅRSSTEGET
- 1.2 OVERSIKT OVER ALLE FORELDREKONTAKTANE
- 1.3 ÅRSSTEGSLISTE
- 1.4 "TIL FORELDREKONTAKTANE VED SAGVÅG SKULE"(INFO-HEFTE)
- 1.5 SOSIAL ÅRSPLAN FOR ÅRSSTEGET
- 1.6 LITT OM UTVIKLINGSSAMTALEN
- 1.7 FORELDREMØTE (INNKALLING / REFERAT)
- 1.8 BILETE FRÅ ÅRSSTEGET
- 1.9 DIVERSE FOR ÅRSSTEGET

Sagvåg skule Del 2

- 2.1 SKULEN SITT INFORMASJONSHEFTE
- 2.2 OVERSIKT OVER RÅD OG UTVAL
- 2.3 FAU VED SAGVÅG SKULE (INNKALLING OG REFERAT)
- 2.4 SU VED SAGVÅG SKULE (REFERAT)
- 2.5 OVERSIKT OVER PLANARBEID VED SAGVÅG SKULE
- 2.6 DIVERSE FRÅ SKULEN

Stord kommune Del 3

- 3.1 SKULERUTA
- 3.2 OVERSIKT OVER KOMMUNALE PLANAR
- 3.3 DIVERSE FRÅ KOMMUNEN

Nasjonalt Del 4

Foreldreutvalet for
grunnskulen (FUG)

- 4.1 INFORMASJON FRÅ FUG (+INTERNETT)
- 4.2 "FORELDREKONTAKTEN"(INFO-HEFTE FRÅ FUG)
- 4.3 "HJEM & SKOLE" (BLAD OM HEIM-SKULE SAMARBEID)
- 4.4 DIVERSE FRÅ FUG

Del 5

Utdannings- og
forsknings-
departementet (UFD)

- 5.1 INFORMASJON FRÅ KYRKJE-, UTDANNINGS- OG FORSKNINGSDEPARTEMENTET (UFD) (+ INTERNETT)
- 5.2 HEIM/SKULE-SAMARBEID I L 97
- 5.3 LOVER OG FORSKRIFTER FOR GRUNNSKULEN (+ INTERNETT)
- 5.4 DIVERSE FRÅ UFD

1.1 OVERSIKT OVER FORELDREKONTAKTANE

SMÅSKULESTEGET

1.årssteg/førskule og 2.årssteg

_____	_____
<i>(sign. foreldrekontakt)</i>	<i>(sign. vara)</i>
_____	_____
<i>(sign. foreldrekontakt)</i>	<i>(sign. vara)</i>

3.årssteg og 4.årssteg

_____	_____
<i>(sign. foreldrekontakt)</i>	<i>(sign. vara)</i>
_____	_____
<i>(sign. foreldrekontakt)</i>	<i>(sign. vara)</i>

MELLOMSTEGET

5.årssteg og 6.årssteg

_____	_____
<i>(sign. foreldrekontakt)</i>	<i>(sign. vara)</i>
_____	_____
<i>(sign. foreldrekontakt)</i>	<i>(sign. vara)</i>

7.årssteg

_____	_____
<i>(sign. foreldrekontakt)</i>	<i>(sign. vara)</i>

1.2 OVERSIKT OVER ALLE FORELDREKONTAKTANE VED SAGVÅG SKULE DETTE ÅRET

1.3 ELEVLISTELISTER

1.4

**TIL
FORELDREKONTAKTANE
VED
SAGVÅG SKULE**

INFORMASJONSHEFTE

*Utarbeidd av Oppveksteteten Stord kommune 1991
Oppdatert ved Sagvåg skule januar 1998
Oppdatert ved Sagvåg skule tysdag, 31. august 2004*

1. Kontaktpermen

Sjå også vedlagte rundskriv F 059-99.

- ❖ Denne permen vert til nytte og glede for dykk som foreldrekontaktar. Elevane på årssteget, dei andre foreldra og lærarane vil heilt sikkert også ha glede av å sjå i han av og til.
- ❖ Kontakten som og er representant i arbeidsutvalet i FAU er ansvarleg for at aktuelt stoff som gjeld skulen og årssteget vert lagt på plass etter kvart og at permen vert levert vidare til nye kontaktar når det er aktuelt.
- ❖ Når årssteget er ferdig, er det rimeleg at permen vert levert til skulen som vil ta vare på han. Kanskje årssteget kan låna han når det skal feirast jubileum!?

2. Litt om kontaktane sine oppgåver

- ❖ Kontaktane har ein viktig funksjon i skulen i dag. Skulane i Stord vil prøva å leggja til rette for at kontaktane skal få meningsfylte oppgåver i høve til årssteget dei representerer og i forhold til heile skulen.
- ❖ Kontaktjobben er utfordrande og det er viktig for årssteget og heile skulen at kontaktane får meningsfylte oppgåver og at dei sjølve har idear som kan gjera miljøet på skulen triveleg og inspirerande for elevane.
- ❖ Det er viktig å hugsa på at foreldre ikkje *berre* er ansvarlege for eigne born, men også medansvarlege for at dei andre borna på årssteget har det bra.

Mål for arbeidet - viktige oppgåver

- ❖ Å hjelpa til med at alle vaksne som har med årssteget å gjera blir godt kjente med kvarandre.
- ❖ Å hjelpa til med at alle elevane på årssteget blir godt kjente med kvarandre. - Klarer ein langt på veg dette, er det grunn til å tru at skulen vert ein god arbeidsplass for både born og vaksne.

Hovudansvar for kontaktane

- ❖ Vera bindeledd mellom foreldre og lærarar, årssteget og foreldrerådet.
- ❖ Samarbeida med kontaktlærar om tiltak på årssteget (Sosial årsplan)
- ❖ Ha ansvar for delar av foreldremøte på årssteget.

Kommentar:

Bindeledd

Kontaktane er det viktigaste mellomleddet mellom skulen og foreldra på årssteget. Dei andre foreldra må kunna ta kontakt med kontaktane og saman med desse setja ut i livet idear som fører til eit samansveisa miljø for born og vaksne som er knytt til årssteget.

Det er viktig at foreldre tek initiativ og gjer ein innsats i saker som kan vera problematiske å løysa, men aller viktigast er det at førebyggjande tiltak er utgangspunktet for foreldra sine initiativ og aktivitetar.

Samarbeidet mellom vaksengruppene må gå begge vegar slik at også lærarane naturleg tek kontakt med kontaktane i saker der alle foreldra på ein eller annan måte kan engasjerast.

Det er ein styrkje for på eit årsteg at foreldre, lærar og elevar drøftar saker i lag, og at alle partar er med og fylgjer opp det ein kjem fram til.

Lærarane ynskjer eit nært samarbeid med foreldrekontaktane, og ser på foreldregruppa som ein ressurs både for det sosiale, og det faglege miljøet på årssteget.

Sosial årsplan

Saman med kontaktlærer må foreldrekontaktane setja opp ein plan over aktivitetar som det er naturleg at foreldre og lærar samarbeider om å gjennomføra. Dette er no vanleg å gjera i skulane i Stord. Viktige stikkord er: **Tidspunkt - Aktivitet - Ansvar**
(Vedlegg: *Mal for sosial årsplan*)

Ein sosial årsplan kan til dømes leggja til rette for arrangement som:

- foreldremøte
- turar
- festlege samkome
- fritidsklubb på skulen
- foreldrebesøk på årssteget
- elevbesøk heime
- leirskule
- juleverkstad
- besøk på foreldra sine arbeidsplassar
- o.l.

Samarbeidet mellom dei vaksne på årssteget har kome langt når ein slik plan er sett opp. Når det gjeld å gjennomføra planen, ser me at ansvaret kviler like mykje på foreldrekontaktane som på læraren.

Det er derfor viktig at foreldregruppa veit om dette, tek initiativ og er interesserte i å fylla dei ymse aktivitetane med positivt innhald for borna.

Foreldrekontaktane har sjølv eit særleg ansvar her og må vera aktive overfor resten av foreldregruppa med tanke på informasjon, og for å innhenta idear.

Foreldremøte

Det er viktig at foreldra opplever foreldremøte like mykje som sitt fora som skulen sitt. Det kan lett komma til uttrykk dersom kontakten har ansvar for deler av planlegging og gjennomføring av foreldremøta. Sakliste, møteinnkalling og gjennomføring av møtet vert då ei samarbeidssak for kontaktlærer og foreldrekontakten der dei fordeler oppgåver og ansvar. Det er også viktig å hugse på at møte må vurderast slik at opplegg heile tida kan gjerast betre. Ofte kan det også vera naturleg å ha elevane med på foreldremøte og gje dei oppgåver i samband med det sosiale eller faglege innhaldet. Dei kan t.d. ha rollespel som innleiing til diskusjon om orientering / drøfting kring innhald og arbeidsmåtar i skulen eller stå for praktisk arbeid i samband med matøkta på møtet.

Det vil vera foreldrekontaktane si oppgåve å senda ut eit kort referat frå foreldremøta. Dette vil vera viktig både for dei foreldra som ikkje kunne møta og for dei som var til stades.

3. Valordningar og foreldrekontaktane som medlemmer i råd og utval

På årssteget

Kvart årssteg har to foreldrekontaktar - ei kvinne og ein mann. Dei er valde for to år om gongen. Det skal også veljast personlege vararepresentantar.

Det er foreldre sjølv - oftast ved fungerande foreldrekontaktar - som er ansvarlege for val av nye foreldrekontaktar.

Det kan vera lurt å finna kandidatar før valmøtet og senda ut denne namnelappen med innkallinga til møtet.

Val av foreldrekontakt vert ved Sagvåg skule gjort slik:

- ❖ 2 foreldrekontaktar etter personlege val
- ❖ Dei er valde for to år
- ❖ Begge er på val annakvart år.

Alle val av foreldrekontaktar bør gjerast før ferien slik at samarbeidsorgana kan vera klare når skulen tek til i august.

Sjå også: Opplæringslova på www.lovdata.no

Foreldreråd og samarbeidsutval

Den eine kontakten er i foreldrerådet ved skulen (FAU), den andre er vararep.

(FAU = Foreldrerådet sitt Arbeids-Utval), sjå val av foreldrekontakt ved Sagvåg skule over.

Sjå også: Opplæringslova på www.lovdata.no

FAU -Foreldrerådet sitt arbeidsutval

Arbeidsutvalet er ansvarlege for å driva foreldrerådet sitt arbeid.

Oppgåver:

- ❖ Arrangera årsmøte i foreldrerådet, førebu val o.l.
- ❖ Arbeida med spesielle oppgåver, oppnemne utval til å arbeida med t.d. trafikk, fritidsaktivitetar, uteområdet. -Det må alltid vera ein representant frå FAU med i utvala.
- ❖ Utarbeida retningslinjer for foreldrekontaktar
- ❖ Velja representant i kommunalt foreldreutval (KFU), drøfta saker som KFU tek opp.
- ❖ Arrangera temakveldar
- ❖ Vera med å laga informasjonsblad om skulen
- ❖ Arbeidsutvalet behandlar også saker som skal opp i skulen sitt Samarbeidsutval (SU)

SU - Samarbeidsutvalet

Sjå også: Opplæringslova på www.lovdatab.no

Samarbeidsutvalet sine oppgåver

- ❖ verksemds- og utviklingsplan for skulen
- ❖ framlegg til budsjett
- ❖ organisering av undervisningstimetalet
- ❖ læremiddel
- ❖ trafikktilhøva, skulevegen
- ❖ skuleanlegg
- ❖ skulefritidsordninga
- ❖ samarbeid med nærmiljøet

Kommunalt foreldreutval (KFU)

Stord har frå hausten 1991 komme i gang med kommunal foreldreforeining. Det er ein interesseorganisasjon for alle foreldre med born i grunnskulen i Stord. Mønsteret kjem frå *Grunnskulerådet* (dette rådet er no nedlagt LB-98) som ynskjer at dette skal bli ei landsomfattande ordning. Stord har m.a. hatt kontakt med Askøy kommunale foreldreforeining som var den fyrste i Hordaland.

Foreldreutvalet har eit styre som er samansett av representantar frå dei enkelte skulane sine arbeidsutval.

Som kontakt har du såleis sjansen til å ta aktuelle saker frå skulen din opp på kommunalt plan. I mange skulesaker er det viktig at foreldregruppene ved skulane står saman og fremjar sine syn.

Det kommunale foreldreutvalet har møte- og talerett i LEV.(ein rep.)

Døme på konkrete tiltak ein kan arbeide vidare med:

Samarbeid om kvar elev:

- utviklingssamtalen
- vurderingsformer
- lekseplan -vidareutvikling
- Samarbeid om årssteget
- sosial årsplan
- haldningsskapande arbeid
- foreldremøte
- kurs for foreldre elles
- arbeidsplassbesøk
- lesestimulerande tiltak
- familiegrupper
- fritidstilbod
- praktisk arbeid, dugnad
- foreldre i undervisninga

Samarbeid om skulen:

- arbeidet i FAU
- arbeidet i SU
- foreldrerepresentant i plangruppa
- dugnad
- skulefritidstilbod
- open skule
- temaveke

Samarbeid om nærmiljøet:

- grendamiljø
- samarbeid med næringsliv, organisasjonar
- kommunalt FAU

1.5 SOSIAL ÅRSPLAN FOR ÅRSSTEGET

1.6 LITT OM UTVIKLINGSSAMTALEN

Sjå også: Opplæringslova på www.lovdatab.no

Gjennom utviklingssamtalen vert grunnlaget slik at

- Lærarar og foreldre kan samarbeide om eleven.
- Eleven får hjelp og rettleiing både menneskeleg og fagleg for vidare arbeid.
- Informasjon kan bli utveksla.
- Ein kan få fram eventuelle problem/utfordringar som foreldre og lærar kan løyse i fellesskap.
- Ein kan klargjere forventningar frå begge partar.

Utviklingssamtalen bør spegle av at vi har eit felles ansvar.

I utviklingssamtalen bør ein snakke saman om

- Trivsel og tryggleik
- Fag og arbeidsmåtar
- Lekser og arbeidsrutinar heime
- Fritid / sosial omgang
- Orden / framferd

Utviklingssamtalen bør avsluttast med konkrete avtalar.

Kor lang tid?

- Ein set av 45 min. til kvar elev pr. utviklingssamtale.

Tidspunkt

- På Sagvåg skule vert utviklingssamtalen halden i veke 47 om hausten og vanlegvis veke 17 om våren.

Innkalling

- Føresette får innkalling med ei momentliste for samtalen.

Kven er med?

- Der det er mogleg, er det ønskeleg at begge dei føresette er med på utviklingssamtalen (bør ha prioritet framfor tidspunkt).
- ***I dei tilfelle der berre ein av foreldra bur saman med barnet, men begge har foreldreansvar, sender kontaktlærar melding om utviklingssamtalar til den av foreldra som barnet bur hos. Den som ikkje bur saman med barnet, har rett etter barnelova § 50 til å få informasjon om skolegangen til barnet, men skolen kan ikkje påleggjast slik informasjon. Dette må gjerast i forståing med begge foreldra.***
- Eleven bør vere med på utviklingssamtalen saman med foreldra sine.

Utviklingssamtalar

Kontaktlærar skal innkalla til utviklingssamtale to gonger i året. Utviklingssamtalen blir som regel halden på skulen, men etter avtale med dei føresette kan utviklingssamtalen også haldast i heimen. Elevane kan og bør vere med, minst på eitt av møta. Det er viktig at elevane tek aktivt del i samtalen.

Læraren og foreldra/elevane er likeverdige

Begge partar skal informere

- Læraren om korleis han opplever eleven på skulen, fagleg og sosialt
- Foreldra om korleis dei opplever at eleven har det på skulen.

Om å skape trivnad og kontakt

Møtet bør arrangerast i hyggelege omgivnader, gjerne på grupperom, personalrom eller møterom. Kontaktane kan vere med og skape ei triveleg ramme, blant anna å samarbeide med kontaktlærar om å invitere fleire foreldrepar samtidig og leggje til rette for å servere kaffi og kake, og syte for at det er spel, leiker og biletbøker til småsøsken.

Det kan vere eit fint høve til å bli kjent med andre foreldre, få til ein dialog og skape samhald.

1.7 FORELDREMØTE (INNKALLINGAR OG REFERAT)

1.8 BILETE FRÅ ÅRSSTEGET

1.9 DIVERSE FOR ÅRSSTEGET

2.1 SKULEN SITT INFORMASJONSHEFTE

2.2 OVERSIKT OVER RÅD OG UTVAL

2.3 FAU VED SAGVÅG SKULE (INNKALLING OG REFERAT)

2.4 SU VED SAGVÅG SKULE (REFERAT)

2.5 OVERSIKT OVER PLANARBEID VED SAGVÅG SKULE

Det vert utarbeidd lokale planar for Sagvåg skule. Desse byggjer på nasjonale og kommunale mål for arbeidet i norsk skule.

Det vert sendt ut nye versjonar av planane etter kvart som dei vert reviderte.

Sjå oppdatert informasjon på Sagvåg skule si heimeside

<http://skule.stord.kommune.no/sagvaag/>

Vedlagt side viser oppdaterte planar pr. 18.06.2001.

Dersom nokon ønskjer planane i papirutgåve, kan de venda dykk til kontoret, Sagvåg skule.

2.6 DIVERSE FRÅ SKULEN

3.1 SKULERUTA

3.2 OVERSIKT OVER KOMMUNALE PLANAR

Sjå oppdatert informasjon på Sagvåg skule si heimeside

3.3 DIVERSE FRÅ KOMMUNEN

4.1 INFORMASJON FRÅ FUG (+ INTERNETT)

Her er det plass til informasjon frå FUG som kjem utanom ”Foreldrekontakten”.

Ny og oppdatert informasjon finn du alltid på Internett: (sjå vedlegg)

<http://www.fug.no/>

I forskrift til Opplæringslova står det følgjande om Foreldreutvalet for grunnskolen :

§ 20-1 Formål

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim.

FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og skal vareta foreldra sine interesser i skolesamanheng.

4.2 FORELDREKONTAKTEN (INFO-HEFTE FRÅ FUG)

4.3 "HJEM & SKOLE" (BLAD OM HEIM/SKULE-SAMARBEID)

4.4 DIVERSE FRÅ FUG

5.1 INFORMASJON FRÅ UFD

Her er det plass til informasjon frå UFD, men ny og oppdatert informasjon finn ein alltid på UFD si heimeside på Internett: (sjå vedlagt døme)

<http://odin.dep.no/ufd/>

5.2 OM HEIM- SKULE I L-97

UTDRAG FRÅ L 97, PRINSIPP OG RETNINGSLINJER S 60-63

OPPVEKST- OG LÆRINGSMILJØET

Grunnskulen har eit særleg ansvar for å utvikle eit godt læringsmiljø og for å medverke til eit trygt og stimulerande oppvekstmiljø. Samarbeid i skulen og mellom skule, heim og nærmiljø er ein viktig føresetnad for ei slik utvikling. Skulen har eit særleg ansvar for at språklege og kulturelle minoritetar kjem med i dette samarbeidet. Heimen og skulen er gjensidig avhengige av kvarandre og har ei felles oppgåve i å fremje vekst og virke hos elevane. På same måten som elevane hentar røynsler frå nærmiljøet, må skulen hente tilfang til lærestoffet frå nærmiljøet og lokalsamfunnet.

Heim og skule

Skulen skal støtte heimen i oppfostringa av ein ny generasjon og førebu dei unge på oppgaver i samfunnet.

Foreldra/dei føresette har hovudansvaret for oppsedinga av sine egne barn, og må derfor ha medansvar i skulen. Samarbeidet mellom heimen og skulen er eit gjensidig ansvar. Skulen pliktar å leggje tilhøva til rettes slik at samarbeidet med heimen kjem i stand. Ein føresetnad for eit godt samarbeid er god kommunikasjon. Då er det første kravet at heimen får god informasjon. Foreldra/dei føresette må vite korleis opplæringa er lagd opp, kva elevane skal møte på dei ulike stega, og kva for arbeidsmåtar som skal brukast. Heimen og skulen må saman arbeide for framgang og utvikling hos elevane og halde kvarandre gjensidig informerte. God kommunikasjon og kontakt mellom lærarane og foreldra til elevane frå språklege og kulturelle minoritetar er særleg viktig for samarbeidet heim - skule og for opplæringa av den enkelte eleven. Det skal leggjast til rettes for at foreldra/dei føresette kan vere aktivt med i utviklinga av skulen, men i eit omfang og på ein måte som er overkommeleg når det gjeld aktivitetar og virke. Samarbeidet skal baserast på gjensidig respekt og vilje til å setje eleven i sentrum. Elevane må ta del i samarbeidet mellom heimen og skulen som aktive og sjølvstendige deltakarar og ha høve til å vise initiativ og ta ansvar.

Samarbeidet om den enkelte eleven er primært eit ansvar for kontaktlæraren og heimen. Saman med elevane og lærarane skal foreldra/dei føresette vere med og få til eit godt miljø, slik at årssteget blir eit aktivt og trygt fellesskap. Skulen må be om råd og informasjon om situasjonen til elevane, også utanfor skulen når det har noko å seie for opplæringa. Samarbeidet skal gi gjensidig støtte, motivasjon og rettleiing. Dersom det blir usemje og konflikhtar, må ein prøve å arbeide med dei og løyse dei i fellesskap. Som foreldrekontaktar, som representantar i samarbeidsorgana og i anna samvirke har foreldra/dei føresette høve til å få innverknad på og medansvar for årssteget for skulesamfunnet og for den rolla skulen har i nærmiljøet. Det er òg viktig at dei tek del i arbeidet med skulevurdering. Personalet i skulen, elevane saman med foreldra, må samarbeide om å utvikle eit miljø fritt for mobbing og krenkjande åtferd.

Skulen og lokalsamfunnet

Skulen skal vere ein aktiv og levande kulturinstitusjon i lokalsamfunnet. Opplæringa skal føre vidare og vidareutvikle verdiar, normer og røymsler som vi tek over frå generasjonane før oss. Kulturarven omfattar òg dei kulturtradisjonane og det kulturgrunnlaget som er knytte til lokalsamfunna i bygd og by. Skulen må derfor dra nytte av nærmiljøet og lokalsamfunnet for å eksemplifisere, konkretisere og utfylle læreplanane for faga. I lokalsamfunnet kan elevane finne svar på spørsmål, prøve oppfatningar - og få nye spørsmål å arbeide vidare med.

I opplæringa må lokalsamfunnet nyttast på ein aktiv måte. Elevane må bli fortrulege med den lokale naturen og miljøforholda, byggjeskikk og handverk, brukskunst og utøvande kunst. Samtidig som dei får del i sitt eige lokalmiljø, må elevane få kunnskap om andre miljø som grunnlag for innsikt og samanlikning.

Skulen bør samarbeide med organisasjonar, institusjonar og andre i lokalsamfunnet som arbeider med tiltak for barn og unge. Slik kan kontakten mellom skulen og lokalsamfunnet utdjupast. Det bør vere rom for besøk og praksis i arbeidslivet. Frå organisasjonslivet kan skulen hente lærestoff og gi elevane høve til deltaking, aktivitet og ansvar.

Det er viktig for lokalsamfunnet at det blir lagt til rettes for variert og allsidig bruk av skuleanlegget, slik at det kan vere ein samlingsstad for ulike kultur- og aktivitetstilbod. Skulefritidsordninga får større variasjon og breidde gjennom samarbeidsordningar med kultur- og fritidstiltak i lokalmiljøet.

Rådsorgana i skulen bør yte sitt i ein sams innsats for å utvikle oppvekstmiljøet for barn og unge og for å få dei med i eit fellesskap som rommar varierte aktivitetar. Ulike sektorar i kommunen, mellom dei skulen, bør samarbeide og leggje til rettes for at elevane får ta del i den kommunale planlegginga som gjeld barn og unge.

Samarbeid i skulen

Samarbeid mellom elevar, lærarar og skuleleiing er nødvendig for å utvikle skulen som læringsmiljø og arbeidsplass. Skal elevane komme med i eit sosialt, fagleg og kulturelt fellesskap og få utfordringar etter føresetnader og interesser, må personalet samarbeide. Det må utviklast gode og tillitsskapande samarbeidsformer mellom elevane og dei vaksne i skulen. Samarbeidet mellom dei vaksne må vere eit førebilete for elevane.

Planlegging, gjennomføring og vurdering av den samla verksemda i skulen krev felles innsats. Alle som har sitt virke i skulen, må ta del i dette arbeidet, lære av kvarandre og koordinere innsatsen. Samarbeidet er med på å utvikle og kvalitetssikre læringsmiljøet.

Opplæringa må leggje vekt på å styrkje samarbeids- og samhandlingsevna til elevane både i formelle og uformelle samanhengar. Når elevane arbeider saman, lærer dei av kvarandre. Dei utviklar sosial dugleik og får innsikt i demokratiske arbeidsformer. Gjennom å uttrykkje tankar og meiningar, drøfte idear og lytte til synspunkta til andre lærer elevane å kommunisere. Gjennom samarbeid skal dei lære å planleggje og fordele oppgåver, finne svar på utfordringar og vurdere resultatet av innsatsen. Samarbeid mellom elevane må derfor stå sentralt i aktivitetane i skulen. Samvær mellom aldersgrupper er ei kjelde til gjensidig læring, omsorg og ansvarskjensle. Skulefritidsordningane gir eit rikt høve til å styrkje samarbeidet mellom barn i ulike aldrar og med ulike føresetnader.

Skulen bør samarbeide med barnehagane for å skape ein god overgang mellom dei to institusjonane.

Ein god overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring føreset òg gjensidig informasjon og praktiske samarbeidstiltak.

Lokalt utviklingsarbeid

Gjennom utviklingsarbeid skal skulen ut frå lokale forhold setje i verk tiltak for å fornye si eiga verksemd i høve til dei forpliktande måla og prinsippa i læreplanverket. Arbeidet må sikre heilskapen og breidda i måla for opplæringa og gjere sitt til at skulen utnyttar det rommet for handling og tilpassing som læreplanverket gir. I utviklingsarbeidet er skulebasert vurdering eit viktig ledd.

Utviklingsarbeidet skal medverke til at leiinga, lærarane og elevane samarbeider om verksemda i skulen. Det gir grunnlag for å justere kursen dersom ein ikkje tek godt nok vare på fastsette mål og prinsipp. Det faglege og pedagogiske utviklingsarbeidet skal særleg ta sikte på at elevane utviklar seg i eit godt læringsmiljø.

Lokalt utviklingsarbeid omfattar fleire sider ved arbeidet i skulen og må ta utgangspunkt i dei rammene som læreplanverket set og i lokale forhold. Som ledd i det lokale arbeidet med læreplanverket kan kommunane definere satsings- og utviklingsområde for skulane.

5.3 LOVER OG FORSKRIFTER (+ INTERNETT)

LOVDATA (OPPLÆRINGSLOVA)

<http://www.lovdata.no/>

5.4 DIVERSE FRÅ UFD